



VESTNES KOMMUNE

Administrasjonssjefen

Særutskrift – Melding om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
11.06.2015		10188/2015	2011/246	Tone Roaldsnes 71 18 40 40

Kommunereforma - prosessvedtak med tidsplan for Vestnes kommune

Eg oversender prosessvedtak med tidsplan, samt kopi av invitasjon til informasjonsmøte.

Eg kan elles opplyse om at det den 18.juni vert lagt fram sak med framlegg om oppnemning av forhandlingsutval.

Eg vonar at dette kan gi Fylkesmannen eit bilete av prosessen i Vestnes kommune.

Helsing

Tone Roaldsnes
administrasjonssjef

Postadresse:

Rådhuset
6390 Vestnes

www.vestnes.kommune.no

Telefon:

71 18 40 00

Telefaks:

71 18 40 01

Org.nr.

939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no



VESTNES KOMMUNE

Saksframlegg

Arkiv: 030
Arkivsaksnr.: 2011/246
Saksbehandlar: Tone Roaldsnes
Dato: 04.05.2015

Kommunereforma - prosessvedtak med tidsplan for Vestnes kommune

Utval	Møtedato	Utlvalssak
Formannskapet	11.05.2015	54/2015
Kommunestyret	21.05.2015	49/2015

Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.05.2015

Vedtak:

Vestnes kommunestyre godkjenner framdriftsplanen for gjennomføring av kommunereforma i Vestnes kommune slik han ligg føre i denne saka.

Vestnes kommunestyre vil ha framlagt endringar og presiseringar i prosessen når det føreligg nye premissar nasjonalt, regionalt eller lokalt.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Bakgrunn for kommunereforma er presentert i tidlegare saker til Vestnes kommunestyre følgjande datoar: 2.oktober og 18.desember 2014, samt 12.februar 2015.

Målet for reforma, samt prosess- og milepælsplan, finn ein på regjeringa sin nettstad www.kommunereform.no

Vestnes kommune har lagt informasjon om lokale, regionale og nasjonale hendingar på sin nettstad www.vestnes.kommune.no (høgre menyen på framsida).

Fylkesmannen, regionråda og KS har også mykje informasjon om reforma på sine nettstader. På Vestnes kommune si nettside har vi lenke til desse andre nettstadene.

Alt utgreiingsarbeid har fokus på **måla for reforma** som er vedtekne av eit fleirtal på Stortinget i juni 2014:

1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
2. Helheitleg og samordna samfunnsutvikling
3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
4. Styrka lokaldemokrati

Alt utgreiingsarbeid har også fokus på følgjande **forutsetningar** som alle kommunar må vurdere både for noverande kommune og for eventuell NY kommune:

- | | |
|---------------------------------------|--|
| <i>1. Tilstrekkelig kapasitet</i> | <i>6. Valgfrihet</i> |
| <i>2. Relevant kompetanse</i> | <i>7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder</i> |
| <i>3. Tilstrekkelig distanse</i> | <i>8. Høy politisk deltakelse</i> |
| <i>4. Effektiv tjenesteproduksjon</i> | <i>9. Lokal politisk styring</i> |
| <i>5. Økonomisk soliditet</i> | <i>10. Lokal identitet</i> |

Dette har blitt gjennomført hittil i Vestnes kommune:

1. Prosessvedtak i Vestnes kommunestyre om å delta i utgreiing i Romsdal med 3 alternativ:
 - Rauma – Vestnes
 - Heile Romsdal som òi kommune
 - Vestnes – Midsund – Aukra

Det er Telemarksforskning som står for utgreiingane som tek utgangspunkt i måla for reforma og forutsetningane som det er vist til ovanfor i denne saka.

Det er førebels lagt fram delrapportar. Sluttrapport vert lagt fram 20.mai.

Det har vore halde interkommunale kommunemøte der kommunestyre, ungdomsråd, tilsette leiarar og tillitsvalte har vore inviterte til å delta.

2. Prosessvedtak der Vestnes kommune takka nei til utgreiing av storkommunealternativ på Nordre Sunnmøre.
3. Prosessvedtak der Vestnes kommunestyre takka ja til å bli med på utgreiing av landkommune på Nordre Sunnmøre med følgjande kommunar: Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Vestnes, Haram og Sandøy.
Det er oppretta prosjektorganisasjon der ordførar er med i styringsgruppa, administrasjonssjefen i koordinerande gruppe og 3 politikarar frå formannskapet er med i arbeidsgrupper. Kommunalsjef Magne Værholm er med i arbeidsgruppa for økonomi. Sluttrapport vil bli oversendt til kommunestyret i september.
Telemarksforskning utgreier også dette alternativet i tillegg til det arbeidet som vert gjort i den lokale prosjektorganisasjonen.
4. Vestnes kommune har også takka ja til ei utgreiing der Telemarksforskning vurderer det såkalla “null-alternativet” der Vestnes ikkje vert med i danninga av ny kommune, men vert

stående åleine vidare.

5. Kommunestyret har blitt informert om arbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt i kvart møte. Formannskapet er styringsgruppe og har drøfta kommunereform i kvart møte. Formannskapet har delteke i møte både i Romsdal regionråd og Sunnmøre regionråd sin regi. Ordførar har gitt informasjon og delteke i drøftingar i pensjonistlaga og i Ungdomsrådet.
6. Vestnes var i januar 2014 med i ei innbyggjarundersøking i Sunnmøre regionråd sin regi.

Planar framover:

Sjå vedlagt framlegg til tidsplan!

Vestnes kommune deltek i utgreiingsarbeid mot Romsdal og mot Sunnmøre. Dette er markert med forskjellige fargar på vedlagt plan.

Nasjonale hendingar:

Mai: Det blir i kommuneproposisjonen lagt fram nye førebelse signal om nytt inntektssystem for kommunane frå 2017.

Juni: Stortinget sluttbehandlar Meld. St. 14 (2014-2015) om nye oppgåver til kommunane.

Juni: dept legg fram ny rettleiar om lokaldemokrati.

Regionalt utgreiingsarbeid:

Romsdal:

Sluttrapport vert lagt fram i mai. Kommunestyra, tillitsvalte og leiarar frå kommunane vert inviterte til å delta i møte i Molde den 9.juni der sluttrapporten frå Telemarksforskning vert lagt fram. I sluttrapporten vil Telemarksforskning gi si vurdering av 11 ulike samanslåingsalternativ og råd om vegen vidare. Kommunestyra i dei einskilde kommunane må ta stilling til kva alternativ ein vil gå vidare med. Det blir det nye kommunestyret som skal ta avgjerd her i byrjinga av 2016.

Sunnmøre:

Landkommunealternativet: sluttrapport til kommunestyret i september. Telemarksforskning utgreiier også dette alternativet og legg fram ein rapport den 8.juni. Kommunestyra i dei einskilde kommunane må ta stilling til om ein vil gå vidare inn i konkrete forhandlingar om samanslåing, og om ein er avhengig av at alle kommunar er med vidare. Det blir det nye kommunestyret som også skal ta avgjerd her i byrjinga av 2016.

Vidare forhandlingar/prosessvedtak og utsiling av alternativ

Fylkesmannen har gitt føringar om at utgreiingsarbeidet bør vere ferdig til utgangen av 2015. Då startar det politiske arbeidet med utsiling av alternative kommunar å slå seg saman med, og forhandlingar om dei ulike alternativa. Kommunestyret må i januar eller februar 2016 vedta kva alternativ ein skal gå vidare med til forhandlingar. Det er naturleg at formannskapet v/ordførar får mynde til å gå inn i forhandlingane.

Dette blir ein krevande prosess der det sjølv sagt må føreligge felles ønskje og vurderingar frå dei alternative kommunar som kan vere aktuelle for samanslåing.

Alternativet om evt å halde fram som eiga kommune er også med i vurderingane i denne fasen.

Kommunestyret må gjere vedtak i juni 2016.

Det er naturleg at det kan kome til å måtte bli fremma nye saker om prosess til hausten 2015.

Det er mange forhold som er uavklarte, og prosessen må samkøyrast med andre kommunar.

Innbyggarmedverknad

Undersøkingar:

Innbyggjarundersøkinga for Sunnmøre der haldninga til kommunereforma vart etterspurt vart gjennomført i januar 2014.

Sunnmøre regionråd vil gjennomføre ei ny undersøking i oktober/november der alle kommunane på Sunnmøre, inklusive Vestnes, vert med. Det er allereie no klart at talet på respondentar vert auka frå sist og undersøkinga til hausten skal difor også skal vere representativ på kommunenivå. Kommunane vil bli tilbodne ein "grunnpakke" gratis, og vil deretter få tilbod om å få lagt inn eigne spørsmål og/eller auka tal på respondentar mot tillegg i prisen.

Eiga undersøking i Vestnes:

Når alternativa til kommunesamanslåingar for Vestnes ligg føre i januar/februar/mars 2016 kan det gjennomførast ei undersøking med spørsmål knytta mot **konkrete** alternativ. Ei slik undersøking vil utløyse midlar på kr 100.000 frå staten via Fylkesmannen. Det kan vurderast om undersøkinga skal omfatte innbyggjarar frå 16 år. Formannskapet bør stå ansvarleg for å gjere avtale med leverandør og godkjenne innhaldet i undersøkinga.

Folkemøte:

Formannskapet rår til at det vert halde eitt folkemøte den 22.juni på Idahall. Dette skal vere eit felles møte for heile kommunen. Her skal bakgrunnen for reforma, samt sluttrapportane frå Telemarksforskning bli presenterte (både for Romsdal og for landkommune Sunnmøre).

Det bør haldast nye folkemøte i løpet av november. Det kan bli vurdert om orienteringane i folkevaltopplæringa som gjeld kommunereforma kan kombinerast med folkemøte. Uansett er opplæringa til folkevalte opne møte.

Det bør også haldast folkemøte i forkant av spørreundersøkinga i februar/mars. Slik kan innbyggjarane få innsikt i kva konkrete alternativ som føreligg.

Ungdom:

Ordførar, evt administrasjonssjef, vil delta i alle ungdomsråd i perioden framover. Ordførar skal også gjennomføre skulebesøk i ungdomsskulane, og evt også på Gjermundnes VGS. Dersom det er interesse for det, ønskjer han også å delta i andre arrangement for ungdom framover.

Tillitsvalte:

Får informasjon lokalt, men også gjennom regionale samlingar når rapportar blir lagt fram. Tillitsvalte vil få ei betydeleg meir markert rolle ettersom alternativa blir klarare. Kommunereform vil bli tema i dei fleste faste månadlege møte mellom arbeidsgjevar og tillitsvalte hausten 2015 og våren 2016. Det er også naturleg at tillitsvalte får ei formell rolle i evt forhandlingar med andre kommunar våren 2016.

Opplæring folkevalte:

Det nye kommunestyret skal konstituerast den 15.oktober. Etter dette vil det bli gjennomført grundig folkevaltopplæring. Kommunereforma vil bli ein naturleg del av dette. KS vil stå for opplæringa før nyttår medan Fylkesmannen vil bidra etter nyttår.

Særutskrift til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg:

1 Kommunereforma - tidsplan for Vestnes kommune